



**DET KONGELIGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT**

Statsråden

Kommunane
Fylkeskommunane
Fylkesmennene

Deres ref

Vår ref

Dato

14/56-

08.03.2016

Oppfølging av nasjonal jordvernstrategi

Samordna arealplanlegging er ei viktig oppgåve for kommunane. I planlegginga skal kommunane ta omsyn til ulike føremål og samfunnsinteresser og balansere lokale ynskje mot nasjonale interesser og mål. Viktige jordbruksareal er ei slik nasjonal interesse.

Regjeringa har laga ein nasjonal jordvernstrategi som Stortinget behandla den 08.12.2015. I vedtaket fastsette Stortinget eit mål om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord må vere under 4 000 dekar, og bad regjeringa om at målet nås gradvis innan 2020, jf [Innst. 56 S](#) (2015-2016).

Både kommunane og fylkeskommunane har ei viktig rolle i å følgje opp dette målet i si planlegging. Fylkeskommunane har ei viktig rolle gjennom å lage gode regionale planar. Kommunane har ei viktig rolle gjennom å lage gode kommunale planar og behandle saker etter plan- og bygningslova og jordlova.

Jordvernstrategien inneheld fleire tiltak. Tiltaka er i hovudsak innafor areal- og transportplanlegging, og på område der kommunane og fylkeskommunane har eit stort ansvar. Strategien viser mellom anna til dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging og til dei statlege planretningslinene for samordna bolig-, areal- og transportplanlegging.

Eg har tillit til at kommunane og fylkeskommunane i si forvaltning og planlegging følgjer opp det målet Stortinget har fastsett, og at fylkesmannen bidreg med rettleiing og formidling av statlege interesser tidleg i denne planlegginga.

Med helsing



Jon Georg Dale